

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
27/25	Utval for samfunnsutvikling	02.04.2025
37/25	Formannskapet	09.04.2025
42/25	Kommunestyret	30.04.2025

Framlegg til hummarfredingsområde i Herøy kommune i Møre og Romsdal

Samandrag:

Framlegget om å legge ut Remøyvika som hummarfredingsområde har vore ute til lokal høyring fra 31.01. – 17.02. Området ligg mellom Runde og Remøya og avgrensa til 4,8 km². Det kom inn 13 høyringsinnspel total og desse er brukt som grunnlag for vurderingane i saka. Det var arbeidsgruppa, som vart nedsett av Utval for samfunnsutvikling, som har kome med framlegget om Remøyvika. Kommunedirektøren tilrår å sende framlegget om hummarfredingsområde i Remøyvika vidare til Fiskeridirektoratet for handsaming.

Kommunestyret 30.04.2025

Behandling:

Hummerfredningsområde, foreslått av Sigurd Voldsund Nygard, Uavhengig Anna tradisjonelt fiske skal være mogelig å utføre som i dag, ferdninga gjeld såleis all fiske med teine blir forbudt i fredningsområde.

Nytt punkt 3 i vilkåra, foreslått av Karl-Oskar Sævik, Framstegspartiet Kommunestyret ber om at det blir tillatt å fiske med handsnøre, fiskestong, juksa, dorg, snurpenot og snurrevad, og line og garn djupare enn 50 meter

Sigurd Voldsund Nygard (U) kom med slikt endringsframlegg til punkt 3:
Anna tradisjonelt fiske skal være mogelig å utføre som i dag, ferdninga gjeld såleis all fiske med teine blir forbudt i fredningsområde.

Karl-Oskar Sævik (Frp) kom med slikt endringsframlegg til punkt 3:
Kommunestyret ber om at det blir tillatt å fiske med handsnøre, fiskestong, juksa, dorg, snurpenot og snurrevad, og line og garn djupare enn 50 meter

Kommunedirektør Trond Arne Rossi Aglen orienterte i saka.

Røysting (33 røysteføre):

Det vart røysta alternativt over endringsframlegget til punkt 3 frå Sigurd Voldsund Nygard (U) og Karl-Oskar Sævik (Frp) sitt endringsframlegg til punkt 3.

Karl-Oskar Sævik (Frp) sitt endringsframlegget til punkt 3 vart vedteken mot 12 røystar.
Sigurd Voldsund Nygard (U), Per Kristian Furø (Ap), Fred Hansen (H), Tor Sindre Steinsvik (H), Karl Petter Sortehaug (H), Carl-Henrik Myrseth Molsumyr (H), Stig Arne Helsem Sævik (H), Arjan Sakarias Sydhagen Dalsøren (H), Margareth Leinebø (H), Leif Arne Sandvik (INP,

Tom Christian Nygard (INP) og Bjørn Ove Endresen (INP) røysta for Sigurd Voldsgård (U) sitt endringsfremlegg.

Det vart røysta alternativt over formannskapet si innstilling og formannskapet si innstilling med Karl-Oskar Sævik (Frp) sitt endringsfremlegg til punkt 3.

Formannskapet si innstilling med Karl-Oskar Sævik (Frp) sitt endringsfremlegg til punkt 3. vart vedteken mot 12 røystar.

Per Kristian Furø (Ap), Alf-Einar Gullhav Moltubakk (Folkelista), Bjarne Kvalsøvik (Folkelista), Frank Roy Moltu (Folkelista), Paul Johan Remøy (Folkelista), Tone Kristin Tjevat (Folkelista), Linn-Therese Hansen Sævik (Krf), Birgitte Sævik Pedersen (Krf), Hans-Kristian Hansen Sævik (Krf), Roger Kvalsøvik (Krf), Lena Kvalsund Myklebust (Krf) og Karl Anders Brendmo (Krf) røysta for formannskapet si innstilling.

K - 42/25 Vedtak

Kommunestyret i Herøy kommune i Møre og Romsdal oppmodar Fiskeridirektoratet til å opprette fredingsområde for hummar i Remøyvika (sjå vedlagt kart) i Herøy kommune.

Vilkår:

- Fredingsområde vert lagt under § 4 i forskrift om fredingsområde for hummar.
- Kommunestyre set som vilkår at det ikkje kan utførast taretråling i heile fredingsområdet.
- Kommunestyret ber om at det blir tillatt å fiske med handsnøre, fiskestong, juksa, dorg, snurpenot og snurrevad, og line og garn djupare enn 50 meter

Formannskapet 09.04.2025

Behandling:

Hummar frednings område , foreslått av Sigurd Voldsgård, Uavhengig
Bruken av hummarteine må forandres til all bruk av teine i området.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Marit Sævik Leinebø orienterte og svarte på spørsmål om saka.

Sigurd Voldsgård (U) kom med slikt endringsfremlegg:
Bruken av hummarteine må forandres til all bruk av teine i området.

Røysting (9 røysteførere):

Utval for samfunnsutvikling si tilråding vart vedteken mot 1 røyst.

Sigurd Voldsgård (U) røysta imot.

Endringsfremlegg falt mot ei røyst. Sigurd Voldsgård (U) røysta for endringsfremlegget.

F - 37/25 Vedtak

Formannskapet si innstilling:

Kommunestyret i Herøy kommune i Møre og Romsdal oppmodar Fiskeridirektoratet til å opprette fredingsområde for hummar i Remøyvika (sjå vedlagt kart) i Herøy kommune.

Vilkår:

- Fredingsområde vert lagt under § 4 i forskrift om fredingsområde for hummar.
- Kommunestyre set som vilkår at det ikkje kan utførast taretråling i heile fredingsområdet.
- Anna tradisjonelt fiske skal være mogleg å utføre som i dag, fredinga gjeld såleis berre fiske etter hummar.

Utval for samfunnsutvikling 02.04.2025

Behandling:

Sakshandsamar Bjørnar Eikene orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Bjarne Kvalsvik (Folkelista) kom med slike tilleggspunkt:

- Kommunestyre set som vilkår at det ikke kan utførast taretråling i heile fredingsområdet.
- Anna tradisjonelt fiske skal være mogleg å utføre som i dag, fredinga gjeld såleis berre fiske etter hummar.

Røysting (9 røysteføre):

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Bjarne Kvalsvik (Folkelista) sine tilleggspunkt vart samrøystes vedteken.

USU - 27/25 Vedtak

Utval for samfunnsutvikling si tilråding:

Kommunestyret i Herøy kommune i Møre og Romsdal oppmodar Fiskeridirektoratet til å opprette fredingsområde for hummar i Remøyvika (sjå vedlagt kart) i Herøy kommune.

Vilkår:

- Fredingsområde vert lagt under § 4 i forskrift om fredingsområde for hummar.
- Kommunestyre set som vilkår at det ikke kan utførast taretråling i heile fredingsområdet.
- Anna tradisjonelt fiske skal være mogleg å utføre som i dag, fredinga gjeld såleis berre fiske etter hummar.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Herøy kommune i Møre og Romsdal oppmodar Fiskeridirektoratet til å opprette fredingsområde for hummar i Remøyvika (sjå vedlagt kart) i Herøy kommune.

Vilkår:

- Fredingsområde vert lagt under § 4 i forskrift om fredingsområde for hummar.

Vedtak som innstilling frå Utval for samfunnsutvikling, 02.04.2025 - 27/25

Utval for samfunnsutvikling si tilråding:

Kommunestyret i Herøy kommune i Møre og Romsdal oppmodar Fiskeridirektoratet til å opprette fredingsområde for hummar i Remøyvika (sjå vedlagt kart) i Herøy kommune.

Vilkår:

- Fredingsområde vert lagt under § 4 i forskrift om fredingsområde for hummar.
- Kommunestyre set som vilkår at det ikke kan utførast taretråling i heile fredingsområdet.
- Anna tradisjonelt fiske skal være mogleg å utføre som i dag, fredinga gjeld såleis berre fiske etter hummar.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 09.04.2025 - 37/25

Formannskapet si innstilling:

Kommunestyret i Herøy kommune i Møre og Romsdal oppmodar Fiskeridirektoratet til å opprette fredingsområde for hummar i Remøyvika (sjå vedlagt kart) i Herøy kommune.

Vilkår:

- Fredingsområde vert lagt under § 4 i forskrift om fredingsområde for hummar.
- Kommunestyre set som vilkår at det ikkje kan utførast taretråling i heile fredingsområdet.
- Anna tradisjonelt fiske skal være mogleg å utføre som i dag, fredinga gjeld såleis berre fiske etter hummar.

Vedlegg:

Kart over hummarfredingsområde i Remøyvika
Hummarfredning høyring
25-00507 Høringssvar hummerfredningsområde mellom Remøya og Runde
Høyringssvar hummerfredning
Høringsinspills_Hummarfredning_RMS
Hummarfredingsområde mellom Remøya og Runde
Høyringsinnspel freding av hummar
Høyringsspel fredningsområde for hummar på Runde/Remøyvika
Høyringsinnspel - freding av hummar
Høyringsinnspel til hummarfredingsområde mellom Remøya og Runde
Høyringssvar/innspel - freding av hummar
Høyringssvar - freding av hummar
Høyringssvar - hummarfredingsområde
Høyringssvar/innspel - fredningsområde for hummar

Saksopplysningar:

Etter oppmading frå Fiskeridirektoratet i brev til kommunane og vedtak i Utval for samfunnsutvikling i møte den 10.05.2022 vart det vedteke å arbeide med å få på plass eit hummarfredingsområde i kommune. Det vart sett saman ei arbeidsgruppe beståande av representantar frå Fiskeridirektoratet, Havforskinsinstituttet, Runde miljøsenter, Søre Sunnmøre Fiskarlag og Utval for samfunnsutvikling. Arbeidsgruppa har hatt to møter hausten 2022 og to møter på nyåret 2025.

Når det gjeld val av område har arbeidsgruppa kartlagt og vurdert ulike område som kunne vere aktuelle til hummarfreding. Søre Sunnmøre Fiskarlag, Runde miljøsenter og ein representant frå Utval for samfunnsutvikling var med i denne gruppa, og dei kom med god lokalkunnskap til arbeidet. Andabøvika vart vurdert som det nest beste fredingsområdet av arbeidsgruppa. Remøyvika vart vald som det beste alternativet fordi dette er eit område som er godt egna for freding. Det er gode leveområde for hummaren og hummaren har avgrensa moglegheiter for å vandre ut. Området har og ei avgrensing som er lett å sjå avgrensinga på sjølv utan avansert navigasjonsutstyr. Grunna klar avgrensing vert det og enklare å halde kontrollen på om det vert fiska ulovleg. Arbeidsgruppa var samstemte om Remøyvika som hummarfredingsområde, og framlegget vart sendt ut på ei lokal høyring den 31.01. med høyringsfrist fram til 17.02. Totalt kom det inn 13 høyringsinnspel i saka. To av innspela kom etter fristen, men det vart varsle i forkant og innspela er difor teke med her.

Desse har kome med innspel i høyringa: Havforskinsinstituttet, Runde miljøsenter, Søre Sunnmøre Fiskarlag, Reite Rederi AS, Kvalsvik Kystfiske AS, Sævikfisk AS og Storfisk AS. Privatpersonane Paul-Gustav Remøy, Aleksander Kvalsund Kalland, Remi Eide, Kjetil Olsen, Per-Ove Voldsund, Ragnar Reite og Sigve Storøy Hermansen. Hermansen skriv at han er i etableringsfasen som sjarkfiskar.

Målet er å få oppretta eit fredingsområde før hummarfiskesesongen startar 01.10.2025. For at dette skal vere mogeleg, er ein avhengig av å få sendt saka, med lokal politisk forankring vidare til Fiskeridirektoratet innan 01.05. Her vil Fiskeridirektoratet sende saka ut på nasjonal høyring før dei tek avgjere om hummarfredingsområdet skal opprettast. Det er og Fiskeridirektoratet som til slutt skal bestemme kva reiskap det skal vere lov å fiske med i fredingsområdet.

Oppsummering av innspela etter tema:

Det er berre eit fåtal av innspela som er direkte negative til freding av hummar, men det er fleire som peiker på alternative område med mindre konflikt. I dei fleste innspela er innsendaren negativ til at mogelegheitene for anna fiske vert avgrensa.

I innspela om områdeavgrensing skriv Havforskinsinstituttet at området mellom Runde og Remøya, kalla Remøyvika, kan tilby eit godt hummarhabitat. Runde miljøsenter og Søre Sunnmøre Fiskarlag er fornøgde med plasseringa av hummarfredingsområdet. Ragnar Reite meiner området treffer bra, men området burde vore mykje større. Reite Rederi, Kvalsik kystfiske og Sævikfisk/ Storfisk støttar ikkje Remøyvika og skriv at Andabøvika vil vere det beste alternativet. Remi Eide, Per-Ove Voldsund og Kjetil Olsen støttar heller ikkje Remøyvika og nemner området rundt Kråkøya som aktuelt. Sigve Hermansen spør om områder som Andabøvika, Holmefjorden eller Goksøyra kan vere meir aktuelle.

I fleire av innspela vert det peika på at hummarfredinga vil stenge ute fiske med anna fiskereiskap. I innspela til Søre Sunnmøre Fiskarlag, Reite Rederi, Kvalsik Kystfiske, Paul-Gustav Remøy og Sævikfisk/ Storfisk vert det peika på at Remøyvika er eit viktig område for snurrevadfiske. Spesielt for fiskarar med mindre båtar er dette eit godt område når det er dårlig ver og dei ikkje kan gå lenger ut. Søre Sunnmøre Fiskarlag meiner at snurrevadfiske ikkje vil påverke hummaren då det vert fiska på djupare vatn med sandbotn. Paul-Gustav Remøy peika på at linefiske er brukt i området, og han kan ikkje sjå at dette skal påverke hummarbestanden. Kjetil Olsen, Remi Eide og Aleksander Kvalsund Kalland bur i nærområdet til Remøyvika. Dei er redde for at eit hummarfredingsområde, der mange fiskereiskap som mellom anna garn og line skal verte forbode, vil føre til at ein ikkje kan nytte seg av sjøen.

I nokre av innspela vart det foreslått at om det skulle opprettast eit fredingsområde, skulle det og vernast for taretråling. Både Søre Sunnmøre Fiskarlag og Runde miljøsenter skriv at taretråling bør vere forbode i hummarfredingsområdet.

Alle innspela frå høyringa er lagt ved som vedlegg i saka.

Vurdering og konklusjon:

Ut frå høyringsinnspela er det tydeleg at Remøyvika er ei område med eit mangfoldig fiske, både for næringsdrivande og hobbyfiskarar. Spesielt bruken av snurrevad ser ut til å vere populært i området. Innspela går i liten grad ut på at freding av hummar i seg sjølv er eit stort problem. Det er i hovudsak ei eventuell avgrensing av fiskereiskapen som vert brukt til anna fiske som fører til bekymring.

Havforskinsinstituttet har sett på kva fiskereiskap som kan føre til negativ effekt på hummarbestanden. Både snurrevad, garn, ruser og krabbeteiner er nemnt her, og det står at snurrevad kan fange ein del hummar, spesielt vandrande hummar om sommaren. Kjelde: *Stormheier, T., Jørstad, K.E., Farestveit, E., Agnalt, A.L., & Strand, Ø (2002). Mulige begrensninger i allemannsretten ved havbeite kamskjell og hummer.*

Om ein skulle hatt best mogeleg effekt av eit hummarfredingsområdet, burde ein naturleg nok sett ei avgrensing som berre tillata bruk av reiskap som ikkje kan fange hummar, men dette ser ein vil kunne få store konsekvensar for det lokale fisket. Det viktig å ta vare på dei lokale fiskarane, samtidig som ein tek vare på hummaren. Utifrå at ein stor del av innspela omhandlar fiskereiskap må ein vurdere om ein fyst og fremst skal forby aktivt fiske av hummar.

Alle hummarfredingsområda i Noreg er heimla i FOR-2006-07-06-883 *Forskrift om fredningdområder for hummer*. I denne forskrifta finn vi døme på korleis ulike hummarfredingsområde avgrensar bruken av dei ulike fiskereiskapane. Her er det lista opp nokre døme frå forskrifta:

I hummarfredingsområda som ligg frå svenskegrensa til Austevoll er det tillate å fiske med handsnøre, fiskestong, juksa, dorg eller snurpenot. I områda i Indre Hardanger er tillate å fiske med teinar og ruser langs heile sjølinja ned til 50 meters djup rekna frå lågaste vasstand. For Sognefjorden er det tillate å fiske med handsnøre, fiskestong, juksa, dorg eller snurpenot langs heile sjølinja ned til 50 meters djup rekna frå lågaste vasstand. Døme frå forskrifta, som kan vere mest aktuelt å sjå til, er området i §4 som er Lustrafjorden, Aurlandsfjorden, Sogndalsfjorden. Der er det berre forbode å fiske med hummarteiner langs heile sjølinja ned til 50 meters djup rekna frå lågaste vasstand. Det er dermed ikkje forbode å fiske med anna fiskereiskap innafor fredingsområdet, men all hummar som vert fanga med anna fiskereiskap skal straks settast tilbake i sjøen der den vart fanga.

Det kom klart fram frå i fleire av høyringssinnspelet at det og må vere forbod mot taretråling i hummarfredingsområdet. Her at vi ikkje klart å finne gode nok fakta som bygger opp under eit slikt forbod. Fiskeridirektoratet opplyser at dei veit for lite om effektane på hummar gjennom taretråling til at dette vil vere veldig aktuelt i eit Hummarfredingsområde. Havforskingssinstituttet skriv i sitt høyringssinnspel at effekt på habitatet og den vidare verknaden på det biologiske mangfaldet er ukjent.

Herøy er ein viktig fiskarkommune og det vil vere uheldig med etablering av eit hummarfredingsområde som kan råke ein viktig del av næringsgrunnlaget til dei lokale fiskarane. Kommunedirektøren vil difor tilrå å av avgrense hummarfredingsområdet til Remøyvika for forby fiske med hummarteiner. Det må vere eit vilkår om at all hummar som vert fanga i anna fiskereiskap skal sleppast ut igjen på den same staden. Med ei slik freding kan det aller meste av fiske halde fram i Remøyvika som no.

For å få beste kunnskapen om effektane av hummarfredinga vil Havforskingssinstituttet og Runde miljøsenter i samarbeid kunne hente inn viktig informasjon frå fredingsområdet. Med meir kunnskap om hummaren i området kan ein vurdere å opprette andre eller fleire hummarfredingsområde på eit seinare tidspunkt.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Trond Arne Aglen Kommunedirektør	Bjørnar Eikenes Sakshandsamar
-------------------------------------	----------------------------------